



STUDIEPLAN

ØKONOMI OG LEIING

Modul I

Modul II

Kvar modul 30 studiepoeng

Godkjent av Utdannings- og forskingsdepartementet 9.12.2002

Revidert vinter 2018

”Det skal skje noko”

Innholdsliste

Innholdsliste	2
1 Studieplanen sin generelle del	3
1.1 Innleiing	3
1.2 Bakgrunn og kort beskriving av innholdet i studiet	3
1.3 Generelle mål for studiet	4
1.4 Målgruppe for studiet	4
1.5 Opptakskrav	5
1.6 Oppbygging av studiet	5
1.7 Læringsmiljø og arbeidsformer	5
1.8 Vurderingsformer	6
2 Modul I – Kartlegging	7
2.1 Reiskapsfag 1 – Rekneskapsforståing	7
Mål	7
Læringsutbytte	7
Arbeidsform	7
Arbeidskrav	7
2.2 Reiskapsfag 2 – Rettslære for landbruket med arbeidsrett	7
Mål	7
Læringsutbytte	7
Arbeidsformer	8
Arbeidskrav	8
2.3 Studiefag 1 – Bedriftsøkonomisk analyse	8
Mål	8
Læringsutbytte	8
2.4 Studiefag 2 – Landbruks- og bygdeøkonomi	9
Mål	9
Læringsutbytte	9
2.5 Arbeidsformer studiefaga	10
2.6 Vurdering Modul I	10
3 Modul II – Endring og utvikling	11
3.1 Reiskapsfag 1 – Investering/finansiering	11
Mål	11
Læringsutbytte	11
Arbeidsformer	11
Arbeidskrav	11
Mål	12
Læringsutbytte	12
3.3 Studiefag 2 – Organisasjon og leing	12
Mål	13
Læringsutbytte	13
3.4 Arbeidsformer studiefaga 1 og 2	13
3.5 Arbeidskrav studiefaga	13
3.6 Studiefag 3 – Prosjektarbeid med prosjektoppgåve	13
Mål	13
Læringsutbytte	14
3.5 Vurdering Modul II	14
4 Vurdering av studiet	15
Pensum Modul I	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Pensum Modul II	Feil! Bokmerke er ikke definert.

1 Studieplanen sin generelle del

1.1 Innleiing

Studiet økonomi og leiing er totalt på 60 studiepoeng. Det er delt i to sjølvstendige modular der Modul II byggjer på Modul I. Kvar modul er på 30 studiepoeng.

Dei to modulane er delte inn i reiskapsfag og studiefag. Reiskapsfaga skal vera støttefag til det tverrfaglege opplegget som studiefaga er ein del av. Prosjektarbeid er ein del av det tverrfaglege undervisningsopplegget. Evalueringa av reiskapsfaga skjer gjennom arbeidskrav og vurdering av prosjektarbeidet.

Modul I, Kartlegging av ressursar

Reiskapsfag:

Rekneskapsforståing	4 studiepoeng
Rettslære for landbruket	10 studiepoeng

Studiefag:

Bedriftsøkonomisk analyse	10 studiepoeng
Landbruksøkonomi	6 studiepoeng

Modul II, Endring og utvikling

Reiskapsfag:

Investering/finansiering	6 studiepoeng
--------------------------	---------------

Studiefag:

Globalisering/internasjonalisering	6 studiepoeng
Driftsleiing	12 studiepoeng
Prosjektoppgåve	6 studiepoeng

1.2 Bakgrunn og kort beskriving av innhaldet i studiet

Det krevst gode og mangesidige kunnskarar om økonomi for å kunne jobbe inn mot bygdeutvikling. Ein treng kunnskap om makroøkonomiske og bedriftsøkonomiske tilhøve for å kunne identifisere, forstå og gjere bruk av data knytte til produksjons og til hushald. Og forståing av samfunnsøkonomiske relasjonar for å kunne arbeide med utvikling av tilhøva for nærings- og hushaldsøkonomi på lokalt nivå. Kjennskap til rammeverk, verkemiddel, forvaltningsapparat, produksjonsstruktur m.v. er essensielt anten ein arbeider inn mot landbruket generelt, klassiske bygdenæringar som reiseliv og nisje-/spesialproduksjon eller inn mot nye næringar knytt til oppleving, livsstil eller distansearbeidsplassar.

Dette er utgangspunkt for årsstudiet i økonomi og leiing. Studiet er bygt opp kring to modular. Modul I fokuserer på å gje studentane ein basiskompetanse innanfor hovudområda

Bedriftsøkonomi og rekneskap, Rettslære for landbruket og Landbruks- og bygdeøkonomi. Modul II byggjer vidare på dette og tek opp emne som Investering og finansiering, Organisasjon og leiing, Globalisering og internasjonalisering og Prosjektarbeid. Som avslutning på denne modulen skal studentane gjennomføre ei prosjekteringsoppgåve (eit bygdeutviklingstiltak, ei næringsretta investering eller ei landbruksretta driftsinvestering) der element frå alle hovudemna skal inkluderast.

Dei ulike emna i dei to modulane er valt ut og strukturert for å kunne gje eit mest muleg heilskapleg og samanhengande tilbod. Vidare er det lagt vekt på at årseininga skal utfylle årseining 1 og 3 slik at BA-graden i bygdeutvikling skal ha tilfredsstillande innhald også kva gjeld økonomisk retta emne. Fagleg kompetanse frå årseining 1, handlingskompetanse vil t.d. bidra som basis inn i emnet Organisasjon og leiing i Modul II og alle faga i denne årseininga vil bidra med økonomisk og forvaltningsmessig relevant kunnskap inn i årseining 3 Nyskaping, både kva gjeld rettslege rammer for utviklingsaktivitetar og økonomiske krav og føresetnader for å kunne starte eiga verksemd.

1.3 Generelle mål for studiet

Generelle læringsmål for årsstudium i Økonomi og leiing:

- LM1 Kandidatane skal gjennom studiet tileigne seg faktakunnskapar og lære å bruke desse i tråd med gjeldande lov og rett i relevante, yrkesrelaterte situasjonar
- LM2 Kandidatane skal tileigne seg oversikt over og praktisk røynsle med dei vanleg brukte verktøy og metodar på fagemna
- LM3 Kandidatane skal kunne ta i bruk fagstoff, forskingsmateriale og aktuell empiri frå dei ulike fagemna og anvende dette i ein heilskapleg samanheng, eksemplifisert ved den avsluttande prosjektoppgåva
- LM4 Kandidatane skal tileigne seg kunnskap og forståing for samspelet mellom fag og samfunn og kjenne til korleis desse påverkar kvarandre
- LM5 Gjennom ulike arbeidsformer skal kandidatane øvast opp til samarbeid og interaksjon med andre kandidatar, med fagstab og med andre relevante samarbeidspartar

. Det overordna målet for studiet er å gjera studentane meir profesjonelle i rolla som bedriftsleiar. Det inneber å utvikla kunnskap om korleis ein kan setja seg mål for, og optimalisera drifta ut frå gitte fysiske og menneskelege ressursar, for på denne måten medverka til god dagleg styring av verksemda, utvikla kunnskap om økonomiske, politiske og juridiske rammevilkår for verksemda/garden nasjonalt og internasjonalt, utvikla kunnskap om verknaden av investeringar slik at ein i størst mogleg grad gjer dei rette investeringane til rett tid og utvikla medviten haldning til bruken av rekneskap og rådgjevingsteneste på ein god og kostnadseffektiv måte

1.4 Målgruppe for studiet

- Personer som er i yrkesaktiv arbeid.

1.5 Opptakskrav

Opptakskravet er generell studiekompetanse. Realkompetanse vert også vurdert i samband med opptaket.

1.6 Oppbygging av studiet

Studiet er bygt opp av to modular. Modul I gir 30 studiepoeng. Modul II gir 30 studiepoeng.

Modul I Kartlegging av ressursar

Reiskapsfag	Rekneskapsforståing	4 studiepoeng
	Rettslære og landbruket	10 studiepoeng
Studiefag	Bedriftsøkonomisk analyse	10 studiepoeng
	Landbruks- og bygdeøkonomi	6 studiepoeng

Modul II Endring og utvikling

Reiskapsfag	Investering/finansiering	6 studiepoeng
Studiefag	Globalisering/internasjonalisering	6 studiepoeng
	Organisasjon og leiing	12 studiepoeng
	Prosjektarbeid med prosjektoppgåve	6 studiepoeng

1.7 Læringsmiljø og arbeidsformer

Læring er ein aktiv prosess. Vi lærer av andre og i samspel med andre. Å utvikla eit dynamisk samhandlande læringsmiljø vert viktig, eit miljø som er prega av samarbeid, utvikling og handling, eit miljø der ein er trygg og har respekt for kvarandre og for kvarandre sine bidrag.

Målet er at ”det skal skje noko”, og då må ein både leggja vekt på prosess og produkt. Undervisninga skal innehalda fleire funksjonar. Dei viktigaste er : formidling, bearbeiding og tilbakemelding. Faglærer vil ha ansvar for å leggja til rette for undervisninga, men både lærar og student vil vera viktige aktørar i alle funksjonane i undervisningssituasjonane. For å knyta teori og praksis saman på ein god måte, vert studentane sine egne erfaringar ein viktig del av studiestoffet i tillegg til teoristoff.

I arbeidsformene i studiet skal ein leggja vekt på problemorientering og deltakaraktivitet. Studentane skal sjølv vera aktive med å bringa inn egne erfaringar, reisa problem osv., for å vekkja behov for ny kunnskap og kopla ny kunnskap til det dei veit og kan frå før. Ny kunnskap og nye perspektiv på problemstillingar vil verta gitt gjennom førelesingar og eige studium av litteratur.

Samtaleundervisning og veksling mellom plenum og grupper vil vera formålstenlege arbeidsformer. I tillegg vil ulike former for skriftlege oppgåver verta brukte både for å styrka læreprosessen og for å kunna gi og få tilbakemelding på denne.

Studiet skal ivareta aktualitet og interesse, sjølvstende og samarbeid, utforsking og utprøving, resultat og formidling. Prosjektarbeid vil vera ein sentrale arbeidsmåte.

1.8 Vurderingsformer

Arbeidskrav

I studietida vert det stilt arbeidskrav til studentane. Eit arbeidskrav kan vera skriftleg eller munnleg, og det skal utførast individuelt, i gruppe eller som ein kombinasjon av desse framgangsmåtane. Det vert gitt tilbakemelding på arbeidskrava. Denne tilbakemeldinga vil syna om studentane har nådd det faglege nivået ein har grunn til å venta. Kombinasjon av arbeidskrav og tilbakemelding vil syna, framdrifta i læreprosessen både for student og lærar.

Arbeidskrava vert vurderte i forhold til vurderingsuttrykka godkjent/ikkje godkjent. For å kunna gå opp til eksamen, må arbeidskrava vera godkjende.

Eksamen

Det vil vera både ein skriftleg og ein munnleg eksamen i kvar modul. I Modul I nyttar ein vurderinga godkjent/ikkjegendkjent. I Modul II nyttar ein bokstavkarakterane: A, B, C, D, E og F.

A er beste karakter. Studenten må oppnå A, B, C, D eller E for å få godkjent eksamen. Bokstaven F betyr ikkje godkjent.

2 Modul I – Kartlegging

2.1 Reiskapsfag 1 – Rekneskapsforståing

Omfang: 4 studiepoeng

Mål

I denne modulen går *rekneskapsforståing* inn som eit mindre emne som først og fremst har som mål å gje innføring i og øving i å forstå og bruke rekneskapsdokument som t.d. årsrekneskapen aktivt i styring av verksemdar.

Læringsutbyte

Kandidatane skal

LU1a) kjenne til prinsippa for og korleis årsrekneskapen er bygd opp og kunne drøfte og forklare dette i gruppediskusjonar og gruppeoppgåver

LU1b) kunne bruke rekneskapsrapportar aktivt i styring av eiga verksemd og vise dette gjennom å løyse heimebaserte oppgåver som vert lagt fram og drøfta i plenum

LU1c) kunne arbeide sjølvstendig og i grupper med oppgåver

LU1d) ha kunnskap om og kunne reflektere over etiske utfordringar i faget og forstå og drøfte samanhengen mellom bedrifter sine behov for informasjon, samfunnet sitt behov for kontroll og korleis dette påverkar praksis innan faget

Arbeidsform

Førelingar, gruppeøvingar og oppgåveløysing

Arbeidskrav

Avtalte oppgåver skal leverast inn og godkjennast. Studentane får tilbakemelding på oppgåvene av faglærar. Avtalte oppgåver må vera godkjente for å kunna gå opp til eksamen. Kandidatane vil i tillegg verte prøvde gjennom at emnet går inn som del av ein heildags eksamen etter avslutta kurs

2.2 Reiskapsfag 2 – Rettslære for landbruket med arbeidsrett

Omfang: 10 studiepoeng

Mål

Kurset gjev ei innføring i rettslege emne som er særleg relevante for regnskapskontor og bygdenæringar/gardsbruk. Det er vidare eit mål å gjere kandidatane kjende med rettsreglar generelt. Stoffet er mellom anna henta frå følgjande emne: Rettskjelder, familierett (formuetilhøva mellom ektemakar), odelsrett, åsetesrett, tinglysingsordningar, rettshøvet mellom grannar, vassdrag, hevd, allemannsretten og allmenningssretten, lov om særlege råderettar over framand eigedom, sameige, konsesjon og allmenn forvaltningsrett (m.a. forvaltningslov, offentlegheitslov og lov om Stortingets ombodsmann for forvaltninga).

Læringsutbyte

Kandidatane skal

LU2a) kjenne og kunne bruke aktuelle rettskjelder og juridisk metode som arbeidsform(*)

- LU2b) ha oversikt over og kunne å bruke aktuelle lover (*)
- LU2c) ha øvd opp sjølvstendig evne til å kunne løyse praktiske, juridiske spørsmål innan dei aktuelle rettsområda (*)
- LU2d) på eiga hand kunne setje seg inn i og analysere aktuelle problemstillingar med relevans for landbruks- og bygdenæringar

(*) Kandidaten vil måtte vise dette utbytet gjennom aktiv deltaking i klasseromsdiskusjonar, heimeoppgåver med presentasjon av løysingsforslag i plenum og gjennom at emnet går inn som del av ein heildags eksamen etter avslutta kurs

Arbeidsformer

Førelingar, gruppeøvingar og oppgåveløysing

Arbeidskrav

Avtalte oppgåver skal leverast inn og godkjennast. Studentane får tilbakemelding på oppgåvene av faglærar. Avtalte oppgåver må vera godkjende for å kunna gå opp til eksamen.

2.3 Studiefag 1 – Bedriftsøkonomisk analyse

Omfang 10 studiepoeng

Mål

Kurset skal gi grunnleggjande kunnskapar i bedriftsøkonomisk teori og metode og innsikt og trening i bruk av økonomiske modellar og bedriftsøkonomiske analysemetodar. Målet er å gje kandidatane forståing av det økonomiske modellomgrepet, kostnads- og inntektsteori, marknadsformer og marknadstilpassing, produktkalkulasjon og kostnads-basert prissetting, innføring i driftsrekneskap, bruk av data frå driftsrekneskapen: kostnad, volum og resultatsamanhengar, samt produktutvalsproblem, hovudprinsippa i bokføring og rekneskapsavslutning

Læringsutbyte

Kandidatane skal

- LU3a) kjenne ulike økonomiske modellomgrep, forstå korleis bedrifter tilpassar seg i det økonomiske systemet og kunne drøfte korleis dette påverkar tilpassing innan landbruk og bygdenæringar spesielt. Dei skal vise denne kunnskapen ved aktiv deltaking i gruppearbeid og løysing av skriftlege heimeoppgåver som vert lagt fram i plenum
- LU3b) ha innsikt i grunnleggjande kostnads- og inntektsteori og korleis dette kan brukast til å forstå val og tilpassing i og kring landbruks- og bygdenæringar. Dei skal vise denne kunnskapen ved aktiv deltaking i gruppearbeid og løysing av skriftlege heimeoppgåver som vert lagt fram i plenum
- LU3c) forstå korleis verksemder tilpassar seg gitt ulike marknadsformer og kunne vurdere kva som er optimal tilpassing knytt til dei ulike marknadsformer næringane står overfor. Dei skal vise denne kunnskapen ved aktiv deltaking i gruppearbeid og løysing av skriftlege heimeoppgåver som vert lagt fram i plenum
- LU3d) kjenne prinsipp og metodar for produktkalkulasjon/prising og kunne bruke dette til å utarbeide og anvende enkle produktkalkylar og kunne utarbeide resultat- og volumanalyser. Dei skal vise denne kunnskapen ved aktiv deltaking i gruppearbeid,

løysing av skriftlege heimeoppgåver som vert lagt fram i plenum og på skriftleg eksamen

LU3e) forstå korleis hovudprinsippa i bokføring og rekneskapsavslutning kan brukast for å optimalisere verksemdar si tilpassing og i praktiske øvingar røyne korleis ulike rekneskapsdokument kan trekkjast inn i den bedriftsøkonomiske analyse

2.4 Studiefag 2 – Landbruks- og bygdeøkonomi

Omfang 6 studiepoeng

Mål

Målet med dette emnet er å gje studentane innsikt i landbruk som næring i eit breitt, samfunnsøkonomisk perspektiv. Dei skal tileigne seg kunnskapar om og kunne kjenne att korleis karakteristiske utviklingstrekk i norsk landbruk og bygdenæringar relaterer seg til samfunnsøkonomisk teori og metode. Dette betyr at studentane må ha kjennskap til korleis samfunnsøkonomisk teori har utvikla seg og få forståing for at og korleis denne har vakse fram i samspel med samfunns- og næringsutviklinga. Emnet går inn i ein utviklings- og handlingsretta bachelor og det er difor vesentleg å få fram korleis faget påverkar og vert influert av politiske val og prosessar på ulike nivå. Dette knyter an til å skulle ha gode kunnskapar om bakgrunn og grunnlag for verkemiddelapparat, tilhøyrande organisasjonsstruktur og plan- og forvaltningssystem.

Emnet inkluderer også ein studietur til Danmark for å gje studentane kunnskap om praktiske og prinsipielle trekk under andre rammetilhøve. Av same grunn vert det og lagt vekt på å trekkje med internasjonal litteratur, både på pensumlista og aktivt brukt i undervisninga

Læringsutbyte

Kandidatane skal

- LU4a) forstå og kjenne att hovudtrekk ved dei viktigaste marknadsformene, slik at dei skal kunne beskrive og bruke desse til å diskutere særkjenne ved aktuelle marknadstilpassingar for dagens landbruks- og bygdenæringar i tilknytning til gruppediskusjonar og presentasjonar i plenum.
- LU4b) forstå teorien om rasjonelle val for høvesvis verksemdar og konsumentar og kunne framstille grafisk og verbalt korleis teorien munnar ut i høvesvis tilbods- og etterspørselskurver i ein marknadssituasjon
- LU4c) kjenne til ulike kostnadsomgrep som totalkostnad, grensekostnad og gjennomsnittskostnad samt kunne framstille og drøfte desse grafisk
- LU4d) kjenne til og kunne beskrive prisdanning og marknadsjamvekt i marknadar med fullkomen konkurranse, samt kjenne til føresetnader for fullkomen konkurranse og kunne bruke dette til å drøfte og analysere konkrete situasjonar knytte til landbruks- og bygdenæringar både i gruppediskusjonar og i tilknytning til heimeoppgåver og skriftleg eksamen
- LU4e) kjenne metoden for og kunne berekne kva som er lavast mulege marknadspris for at ei verksemd skal kunne få dekt sine kostnader og vise korleis dette artar seg t.d. i ein grafisk modell både i gruppediskusjonar og i tilknytning til heimeoppgåver og skriftleg eksamen
- LU4f) kunne karakterisere marknadstilpassingar ved andre konkurranseformer enn fullkomen konkurranse, m.a. monopol og monopolistisk konkurranse og kunne bruke dette inn i gruppediskusjonar, heimeoppgåver og til skriftleg eksamen

LU4g) kunne utføre ei velferdsmessig samanlikning mellom fullkomen konkurranse og andre marknadsformer ved å vise at ein kan tolke og berekne effektivitetstapet som følgjer av monopol både i gruppediskusjonar og i tilknytning til heimeoppgåver og skriftleg eksamen

LU4h) kjenne til korleis ulike former for politiske verkemiddel (skattar/avgifter/subsidiar/minsteprisar/maksimalprisar) påverkar marknadstilpassingane (prisar, kvantum og effektivitet) og vise dette ved å drøfte konkrete utslag av verkemiddelpolitikken både i gruppediskusjonar og i tilknytning til heimeoppgåver og skriftleg eksamen

2.5 Arbeidsformer studiefaga

Førelasing, gruppearbeid, seminar, sjølvstudium, skriftlege oppgåver, munnlege framlegg, prosjektarbeid

2.6 Vurdering Modul I

Eksamen:

1. Her skal vera individuell munnleg eksamen, der kvar student forsvarer prosjektoppgåva, med faglærer og sensor.

Eksamen vert vurdert til godkjend/ikkje godkjend.

3 Modul II – Endring og utvikling

3.1 Reiskapsfag 1 – Investering/finansiering

Omfang 6 studiepoeng

Mål

Kurset skal gi deltakarane innsikt i problem knytte til investering og finansiering, og gi innsikt i ulike metodar for prosjektvurdering. Emne som vert behandla er bl.a. knytt til berekning av beslutningsrelevant kontantstraum inkl. arbeidskapitaleffekten, rente-rekning og enkel finansmatematikk. Verdivurderingsmetodar inkl. investeringskalkyler, økonomisk levetid og utskiftingsanalyser. Finansieringskjelder og lånekostnad. Korleis skatt og prisstigning verkar inn på investerings- og finansieringsbeslutningar. Risikostyring, finansielle instrument, porteføljeteori og kapitalverdimodellen.

Læringsutbyte

Kandidatane skal

- LU5a) tileigne seg ei grunnleggande forståing av både dei kvalitative og kvantitative problem som har relevans for verksemder sine investerings- og finansierings-beslutningar. Kandidatane skal tileigne seg kunnskap om fagets grunnleggjande føresetnader og evne kunne beskrive grunnlaget for og bruken av ulike metodar og vurderingar i faget både i gruppediskusjonar, gjennom oppgåver som vert presentert i plenum/på elektronisk læringsplattform.
- LU5b) kunne vise ved løysing av oppgåver korleis ein stiller opp kontantstraumen for analyse av typiske investerings- og finansieringsprosjekt og kunne budsjettere relevante kontantstraumar til total kapital og eigenkapital, før og etter skatt
- LU5c) kunne demonstrere ved løysing av oppgåver på elektronisk læringsplattform/heimeoppgåver at dei kan gjennomføre grunnleggande renterekningsoperasjonar, som t.d. noverdi, sluttverdi, annuitet, amortisering av lån m.v. for bl.a. å kunne berekne effektiv rente for ulike finansieringsalternativ og – kjelder, netto noverdi og internrente for investeringsprosjekt og kunne bruke desse måla som beslutningskriterium
- LU5d) forstå grunnleggande finansiell teori, t.d. knytt til samanhengen mellom gjeldsgrad, risiko og avkastningskrav for bl.a. å kunne fastsetje avkastningskrav ut frå prosjekt sin risiko og finansiering og kunne demonstrere at dei beherskar dette gjennom oppgåver der dei analyserer prosjektlønsemd ut i frå anerkjende prinsipp
- LU5e) vise at dei kjenner till prinsipp for styring av arbeidskapital, har innsikt i kapitalverdimodellen og risikojustert kapitalkostnad og kunne berekne optimal levetid gjennom løysing av oppgåver på elektronisk læringsplattform/heimeoppgåver

Arbeidsformer

Førelingar, gruppeøvingar og oppgåveløysing

Arbeidskrav

Avtalte oppgåver skal leverast inn og godkjennast. Studentane får tilbakemelding på oppgåvene av faglærer. Avtalte oppgåver må vera godkjende for å kunna gå opp til eksamen.

3.2 Studiefag 1 – Globalisering/internasjonalisering

Omfang 6 studiepoeng

Mål

Landbruk og bygdenæringar er allereie – og vert i stadig sterkare grad påverka av utvikling og politikk både på nasjonalt og internasjonalt nivå. Det er difor naudsynt å ha gode kunnskapar om og god forståing av både historiske, noverande og framtidige prosessar for å kunne forstå og drive aktivitetar også på lokalt plan. I dette emnet er hovudmålet at kandidatane skal arbeide seg fram til å forstå desse samanhengane og ha kjennskap til det internasjonale regel- og rammeverk som gjeld for handel med landbruksvarer og for regional og rural utviklingspolitikk og korleis dette har innverknad både på nasjonal politikktutforming og på mulegheiter til å drive næringsverksemd alt. For å oppnå dette vert det i førelesingane lagt vekt på å gå gjennom framvekst og utvikling av internasjonal handel knytt til økonomisk teori og generell samfunnsutvikling over perioden frå ca. 1700 til i dag. Vidare vert sentrale institusjonar og organisasjonar som Bretton Woods avtalen, GATT og WTO prosessane samt prosessane kring den europeiske økonomiske integrasjonen og dei utfordringar og mulegheiter dette har resultert i for Noreg og norsk landbruk og bygdenæringar. Ein tre-dagars studietur til Brussel der ein møter representantar for norske offentlege og næringsmessige interesser, landbruksinteresser frå EU-land og andre interessent-organisasjonar står sentralt i dette emnet.

Læringsutbyte

Kandidatane skal

- LU6a) ha god kjennskap til økonomisk teori og historisk utvikling av faget kva gjeld internasjonalisering og globalisering og kunne bruke dette til å drøfte situasjonar knytt til ulike markadar, produkt og situasjonar, både verbalt i gruppediskusjonar og skriftleg i oppgåver og på elektronisk læringsplattform.
- LU6b) i diskusjonar vise kjennskap til korleis landbruk og bygdenæringar vert påverka av dei ulike regime for internasjonal handel og kunne samanlikne desse med andre næringar
- LU6c) kjenne bakgrunn for og innhald i norsk politikk, regelverk og praksis for internasjonal handel med landbruks- og matvarer samt kjenne historie og utvikling knytt til ulike institusjonar og organisasjonar med tilknytning til framvekst og tilrettelegging for internasjonal handel for å forstå samspelet mellom næringar, samfunn og politikk, og kunne bruke dette til å analysere rammevilkår og utfordringar for dagens landbruks- og bygdenæringar i gruppediskusjonar
- LU6d) Gjennom løysing av heimeoppgåver og på elektronisk læringsplattform vise at ein har oversikt over historie og noverande situasjon for ulike internasjonale frihandelsprosessar som t.d. GATT og WTO og har oversikt over hovudtrekka i utvikling av det europeiske frihandelsområdet (EEC, EF, EU) og den påverknad dette har på norsk politikk og praksis (EØS)
- LU6e) møte involverte aktørar og lære av å sjå systemet i praksis gjennom å delta på studietur til Brussel

3.3 Studiefag 2 – Organisasjon og leiing

Omfang 12 studiepoeng

Mål

Kandidatane skal gjevast kunnskap om sentrale organisasjonsmessige fenomen. Det overordna målet er at kandidatane skal kunne gjere seg nytte av denne kunnskapen for å forstå det som skjer i ulike organisasjonar, anten dette er eiga verksemd, nærings- eller ulike offentlege organisasjonar. Kandidatane skal ha tileigna seg kunnskap om grunnleggande organisasjonsprosessar (målsetjings-, avgjerds-, kommunikasjons- og informasjonsprosessar), formell og uformell organisasjonsstruktur og -kultur, makt og konflikter i organisasjonar , læring og endring på individ- og på organisasjonsnivå samt mellommenneskelige og organisasjonsmessige relasjonar med vekt på kognitive, emosjonelle og sosiale prosesser .

Læringsutbytte

Kandidatane skal

- LU7a) ha kunnskap om grunnleggande teoriar, metodar og omgrep på fagområdet organisasjonsleiing og kunne bruke dette til å drøfte praktiske og teoretiske problemstillingar i tilknytning til munnlege og skriftlege oppgåver
- LU7b) kunne beskrive og drøfte dei ulike og komplekse sidene ved organisasjonar og vise korleis ein kan gjere seg nytte av ulike teoretiske tilnærmingar og perspektiv for å forstå organisasjonars virkemåtar og utfordringar knytt til dette
- LU7c) på sjølvstendig fagleg grunnlag kunne stille opp og vurdere forslag til løysingar, prioriteringar og val i organisasjonsmessige samanhengar
- LU7e) kunne reflektere omkring organisasjonars etiske dilemma og samfunnsansvar i gruppesituasjonar og i oppgåver
- LU7f) ha oversikt over og kunne identifisere og drøfte viktige føresetnader for optimale strategiar ut frå dei materielle og menneskelege ressursane ein som leiar rår med og kunne bruke denne kunnskapen til å formulera gode arbeidsmål for seg sjølv og medarbeidarar
- LU7g) kunne vurdere faktisk organisering av drift i eiga verksemd ut frå ulike perspektiv på og forståingar av organisering for slik å kunne identifisere og analysere det reelle tilhøvet mellom eigen kompetanse og ønskeleg kompetanse som leiar t.d. gjennom bruk av GAP-analyse

3.4 Arbeidsformer studiefaga 1 og 2

Førelasing, gruppearbeid, seminar, sjølvstudium, skriftlege oppgåver, munnleg framføring

3.5 Arbeidskrav studiefaga

Oppgåver tilknyta pensum skal leverast inn og godkjennast. Faglærer gir tilbakemelding på oppgåvene.

3.6 Studiefag 3 – Prosjektarbeid med prosjektoppgåve

Omfang 6 studiepoeng

Mål

Studentane skal utarbeida ein konkret utviklingsplan for ei konkret investering inklusiv ei konkret investering. Planen skal femne om så vel planleggings- som driftsfasen. Målsetjinga

er å gje kandidatane høve til å øve på praktisk planleggingsarbeid og det vert lagt vekt på at det skal stillast same krav til arbeid og prosess som kandidatane møter knytt reelle investeringar innanfor landbruk og bygdenæringar.

Læringsutbytte

Kandidatane skal

- LU8a) Gjennom konkrete døme setjast i stand til sjølve å forstå og kunne ta i bruk relevant kunnskap frå reiskaps- og studiefag inn i konkret prosjektarbeid
- LU8b) lære å kjenne dei ulike fasar knytte til prosjektarbeidsforma for å kunne bruke desse i planlegging av eigne, konkrete prosjekt
- LU8c) kjenne til formelle krav og føresetnader som ligg til grunn for å kunne få godkjent konkrete investeringsprosjekt
- LU8d) ha oversikt over verktøy og hjelpemiddel som kan brukast for å forenkle, systematisere og kvalitetssikre dei ulike prosessane
- LU8e) gjennomgå og drøfte sterke og svake sider ved ulike investeringsprosjekt knytt til prosess, design og kvalitetssikringstilnærming

Prosjektoppgåva skal delast i to hovudfasar :

- Investeringsfasen
- Driftsfasen

3.5 Vurdering Modul II

Eksamen:

1. Skriftlig prosjektoppgåve og munnleg eksamen basert på pensum og prosjektoppgåva. Ekstern sensor

Ved eksamen vert det gitt bokstavkarakterane A; B; C; D; E som godkjent eller F som er ikkje godkjent. Studenten vil få to karakterar.

4 Vurdering av studiet

Studiet vil verta vurdert både undervegs og ved slutt.. Det vil skje gjennom vurdering av studentane sine arbeid, ved studentane sjølve og av andre.

	Formativ vurdering	Summativ vurdering
Vurdering av student	Undervegsvurdering - skriftleg og munnleg vurdering av arbeid med arbeidskrav i dei enkelte hovudemna	Eksamen: Modul I: - munnleg eksamen Modul II: - prosjektoppgåve - munnleg eksamen
Vurdering av studiet	- studiediskusjonar undervegs - vurdering av dei ulike hovudemna - tilbakemelding frå samarbeidspartnarar som studentar og høgskulen sine tilsette har kontakt med	- sensorrapport - sluttevaluering frå studentane - sluttevaluering frå lærarane - vurdering av studiet etter eit år

Pensum Modul I 2018-19 (Økonomi 1)

<p>Rekneskapsforståing, 4 studiepoeng</p>	<p><u>Kristoffersen, Trond</u>: <i>Årsregnskapet – en grunnleggende innføring</i> 5. utgave Fagbokforlaget 2016 Vi oppmodar studentane å også skaffe seg oppgåvesamlinga til dette verket</p>
<p>Bedriftsøkonomisk analyse, 8 studiepoeng</p>	<p><u>Hoff, Kjell Gunnar</u>: <i>Bedriftens økonomi</i>, 8. Utgave. Universitetsforlaget 2016 <u>Hoff, Kjell Gunnar</u>: <i>Arbeidsbok til Bedriftens økonomi</i>, 8.utgave Universitetsforlaget 2016</p>
<p>Innføring i rettslære for landbruket, 6 studiepoeng</p>	<p><u>Falkanger, Thor</u>: <i>Landbruksrett</i>. Universitetsforlaget 2013 <u>NORGES LOVER 1687-2016</u> ((Evt. kan brukast Norges Lover, Lovsamling for høyere økonomisk/administrativ utdanning. Ad Notam Forlag. Siste utgåve). Studentane må være orienterte om nye lover når dei gjeld emne som inngår i pensum, og må også vere orientert om andre rettsendringar som gjeld pensum. Oppmodar studentane om å bruke denne nettstaden: https://www.bondelaget.no/sporsmal-og-svar-om-jus-i-landbruket/category8391.html</p>
<p>Landbruks- og bygdeøkonomi, 12 studiepoeng</p>	<p><u>Vidar Ringstad</u>: <i>Samfunnsøkonomi og økonomisk politikk for turbulente tider</i>. Cappelen Damm Akademisk, 5. Utg. 2011., utvalde deler. <u>Michael Goodwin</u>: <i>Economix. How our economy works (and doesn't work) in words and pictures</i>. Abrams, New York, 2012 <u>Berkeley Hill (2006)</u>: <i>An introduction to Economics. Concepts for students of agriculture and the rural sector</i>. Cabi Publishers Kap. 1 – 3 <u>Heidi Knutsen (red)</u>: <i>Utsyn over norsk landbruk 2015</i> <u>Meld. St. 31 (2014–2015) - Garden som ressurs – marknaden som mål</u> LMD <u>Meld.st. 9 (2011-2012): Landbruks og matpolitikken. Velkommen til bords</u>. LMD <u>NOU 2011:4: Mat, makt og avmakt – om styrkeforholdene i verdikjeden for mat</u> <u>Kommunal- og regionaldepartementet (2011): Motmakt og regional utvikling. Eit ordskifte om ei balansert og mangfaldig utvikling i heile Noreg</u> <u>Gabrielsen og Pettersen</u>: <i>Forbrukernes merkostnader og veier til effektivisering</i></p>

Pensum Modul II 2018-19 (Økonomi 2)

<p>Globalisering/ internasjonalisering, 6 studiepoeng</p>	<p><u>Smedshaug, Ch. A. (2012):</u> <i>Kan Jordbruket fø verden? Jordbruk og samfunn i det 21. århundre.</i> Universitetsforlaget (kap 1-8 og 11-13) <u>Austvik, O.G., Bredesen, I. og Vådal, E. (2002):</u> <i>Internasjonal handel og økonomisk integrasjon.</i> Gyldendal Akademisk (Del I, del III og del V). <u>Lechner, F. J. (2009):</u> <i>Globalization. The making of World Society.</i> Wiley-Blackwell. (kap. 2-5). <u>Haas, R., Canavari, M., Slee, B., Tong, C. And Anurgsa, B. (2010):</u> <i>Looking East Looking West. Organic and quality food marketing in Asia and Europe.</i> Wageningen Academic Publishers. (Artikkel av Bill Slee). <u>Lømo, Aa. Og Tufte, T. (2002):</u> <i>Ulike støtteordninger i WTO og handel med landbruksvarer. Del I.</i> Landbrukets utredningskontor Rapport 4-2002 (kap. 2 og 3) <u>DeVries, B. (2000):</u> Multifunctional Agriculture in the International Context: A Review <u>Amund Lie og Frode Veggeland:</u> <i>Globalisering og matpolitikk.</i> Universitetsforlaget 2010. (Kap. 2) <u>Johan Barstad:</u> <i>A Planners View on National Forest Programmes (2003)</i></p>
<p>Investering/ finansiering, 6 sp</p>	<p><u>Bredesen, Ivar:</u> <i>Investering og finansiering, 3. utg.</i> Gyldendal 2005</p>
<p>Organisasjon og leing, 12 studiepoeng</p>	<p><u>Fivelsdal et.al.</u> <i>Organisasjon og ledelse.</i> Cappelen Akademisk Forlag. 4. Utgave 2004 <u>Arnulf, J. K. (2012):</u> <i>Hva er ledelse.</i> Universitetsforlaget <u>Johannesen, S. O. (2010):</u> <i>Myter og erfaringer om ledelse. Et kompleksitetsperspektiv.</i> Gyldendal Akademisk <u>Collins, J. (2002):</u> <i>From Good to Great. Hvorfor noen virksomheter blir fremragende... andre ikke.</i> Universitetsforlaget <u>J. Aarum Andersen (2009):</u> <i>Organisasjonsteori</i> Universitetsforlaget. (Kap. 2) <u>Giles, T., and Stansfield, M.</u> <i>The Farmer as Manager. 2nd ed.</i> CAB International. (kap. 2, 11-14). <u>T. Hylland Eriksen, T. Gad, Ø. Martinsen, G. Thompson (red.) (2003):</u> <i>Selvledelse Menneskelig kapital i det nye arbeidslivet</i> Gyldendal Akademiske</p>
<p>Prosjektarbeid med prosjektoppgåve, 6 studiepoeng</p>	<p><u>J. T. Karlsen, P. Gottschalk (2008):</u> <i>Prosjektledelse</i> Universitetsforlaget 2. utgave <u>B.Johs. Koltveit, J. Lerheim, T. Reve (3. utg. 2009):</u> <i>Prosjekt</i> Universitetsforlaget <u>Asle Farner:</u> <i>Verksted som verktøy i plan- og utviklingsprosesser.</i> Kommuneforlaget. 2008 <u>Anbefalt tillegg</u> <u>Dahle, Verde og Dagestad:</u> <i>Vekstbedriften. Fra innovasjon til lønnsom drift.</i> Universitetsforlaget 2010 <u>Svein Arne Jessen:</u> <i>Mer effektivt prosjektarbeid.</i> Universitetsforlaget, 3. Utg 2005 Sjølvvalt pensum til prosjektoppgåva</p>

(Mindre justeringar i pensum vil kunne finne stad)